

Han ventar på utsida av butikken. Balanserer sykkelen sin med knea medan han held den andre, litt mindre sykkelen i eit fast grep med begge hender. Veslebror er inne fyrst, men snart er det hans tur. Han drøyer om kva femtilappen i lomma skal brukast til. Når to av gutane frå klassen kjem slentrande, konsentrerer han seg om å ikkje sjå dei. Ingen av dei helsar. Men veslebroren får eit kjekt «Halla!» frå begge to når han møter dei i døra, han på veg ut, dei på veg inn. Eit kort smil. Eit kult kast med luggen og eit lite nikk. Storebror ser vekk. Ventar til gutane frå klassen har kome ut att og forsvunne. Veslebroren får ein bøygde rygg å følgje heimover.